



Hustadvika Kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Trondheim, 11.05.2021

Dykkar ref.:
21S18857
Heidi Rønning

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/2478
21011053

Sakshandsamar:
Marlene Wæge Stubberud

Tilskot til - Klimavennlig løysing for Elnesvågen Brannstasjon

Takk for søknaden frå 15.02.2021 med referansenummer 21S18857 om tilskot på kr 350 000. Vi har behandla søknaden og gir med dette eit tilskot på kr 300 000. Tilskotet blir utbetalt når de har rapportert i tråd med krava under. Tiltaket som får tilskot er "Klimavennlig løysing for Elnesvågen Brannstasjon".

Grunngivinga for vedtaket er:

Potensialet for å kutte klimagassutslepp og realisere lågutsleppssamfunnet er betydeleg i byggjesektoren, og ved å identifisere klimavenlege alternativ og eventuelle meirkostnader tidleg, vil det bli enklare å realisere eit klimavenleg byggeprosjekt. Kommunane kan medverke ved å legge til rette for innovasjon og klimavenlege løysingar i bygge- og rehabiliteringsprosjekt.

Prosjekt med høge klimaambisjonar og mål om klimatiltak innanfor fleire tema prioriterast. Ettersom nøkkelen til eit klimavenleg prosjekt er ei god bestilling, støtter vi prosjekt som gjev eit godt grunnlag for å ta ei avgjerd om klimavenleg anskaffing og aukar kompetansen på det i kommunane, og som samstundes aukar byggenæringas kompetanse på klimaløysingar.

Hustadvika kommune skal greia ut om dei skal bygge ein ny brannstasjon på ein ledig tomt, eller gjenbruka eksisterande bygg og areal (om lag 1500 m²) med eit tilbygg (500 m²). Den nye brannstasjonen skal også løyse behov for ambulanse og kommunalteknisk, og kommunen ønsker å legge til rette for el-køretøy. Kommunen skal kartlegge klimaverknad og økonomi ved dei to alternativa. I tillegg til gjenbruk og arealbruk skal prosjektet sjå på klimavenleg byggefase, materialar, energiløysingar og drift. Statsforvalteren tilrår søknaden. Midlane skal gå til bistand frå konsulent. Ut frå søknaden forstår vi at kommunen allereie har inngått ein avtale med Enøk-senteret om at dei skal gjennomføre delar av tiltaket. Den resterande delen skal konkurranseutsettast og rådgivande ingeniør hyrast inn.

STØTTESUM OG VILKÅR

Miljødirektoratet støtter søknaden. Støtta til tidleg kartlegging skal gå til å konkretisere tiltak som reduserer utslepp av klimagassar innanfor ulike områder som for eksempel val av klimavenlege byggjemateriale, energiløysingar, sambruk og gjenbruk. Kartlegginga kan med fordel inkludere klimavenlege løysingar på byggeplassen, som for eksempel transport til og frå byggeplassen og

utsleppsfrie anleggsmaskinar.

Støtta dekkjer inntil 75 % av kostnadane kommunen har til å greie ut og planlegge klimavenlege løysingar knytt til byggjeprojektet, avgrensa til 300 000 kr. På grunn av den store konkurransen om midlar er tilskotet noko lågare enn kommunen søkte om.

Dersom avtalen med Enøk-senteret ikkje er inngått i tråd med regelverket om offentlege anskaffingar, eller ikkje opnar for dette tiltaket, er det ein forutsetning for støtta at også denne delen av tiltaket konkurranseutsettast.

KRAV TIL RAPPORTERING

Kommunen skal:

- a) Beskrive klimaeffekten, utrekna i tonn CO₂-ekvivalenter, av dei konkrete klimatiltaka for det aktuelle bygget
- b) Oppgje eventuelle meirkostnadar eller innsparingar knytt til klimatiltaka
- c) Beskrive eventuelle andre positive eller negative effektar av klimatiltaka

Arbeidet skal gje eit grunnlag for å ta ei avgjerd. Vi ber om at dette grunnlaget blir samanstillt og sendt over som ein del av rapporteringa. Miljødirektoratet vil sørgje for at arbeidet blir gjort offentleg tilgjengeleg, slik at andre lett kan dra nytte av arbeidet.

AKSEPT

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2021. Tilsegna vert akseptert i søknadssenteret.

RAPPORTERING OG UTBETALING

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Det er mogeleg å legge inn rapport så snart rekneskapen er klar, sjølv om dette er før rapporteringsfristen. Rettleiing til rapportering finst på: www.miljodirektoratet.no.

Utbetaling skjer seinare på grunnlag av innsendte rapporter og bekrefte rekneskap.

KRAV TIL REKNESKAP

Sluttrekneskapen skal vere stadfesta av økonomisjef/rekneskapsansvarleg, kommunerevisjon eller ekstern revisor. For tilskot på ein million eller meir skal sluttrekneskapen vere stadfesta av revisor. Eventuelle delrekneskap skal vere stadfesta av økonomisjef/rekneskapsansvarleg.

Rekneskapen må vise tydeleg kva dei ulike delane av klimatiltaket har kosta. Meirverdiavgift skal vere spesifisert. Dersom kommunens eigne arbeidstimar inngår som del av klimaprojektet skal det for kvar einskilt person førast opp timetal, timesats og namn på tilsett. Detaljerte timelister og fakturaer skal ikkje sendast inn til Miljødirektoratet, men kommunen må ha dette som underlagsdokument for rekneskapen. Kommunens eigen arbeidstid kan godskrivas med inntil kr 600 per time.

RETTLEIING FOR KLIMAVENLEGE BYGG

Miljødirektoratet har fleire rettleiingar om klimavenlege bygg og anlegg, mellom anna kartlegging av klimavenlege løysingar i idéfasa til eit byggjeprojekt. Her finn du konkrete eksempel,

sjekklister informasjon om støtteordningar og forslag til krav i anskaffinga. Rettleiingane finn du på miljødirektoratet.no. Søk opp: klimavennlige bygg.

BAKGRUNN OM KLIMASATS

Miljødirektoratet fekk 331 søknader til tilskotsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i februar 2021. Kommunar og fylkeskommunar har søkt om i overkant av 321 millionar kroner. Det er sett av 100 millionar i statsbudsjettet for 2021. Dette betyr at fleire klimatiltak ikkje får støtte, og at enkelte får mindre enn søkt om. Formålet med ordninga er å bidra til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med tildelingskriteria og prioriteringskriteria.

Miljødirektoratet fekk om lag 20 søknader på til saman 6 millionar kroner som omhandlar tidleg kartlegging av mogelege klimatiltak i bygg og anlegg.

Lykke til med arbeidet!

Vi stiller følgande krav til rapportering:

Leveranse	Beskriving	Frist
Sluttrapport	Sluttrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet. Stadfesta rekneskap.	15.03.2022

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter.

Tilsegna er gyldig til 31.12.2022. Tilsegna fell bort, dersom de ikkje overheld rapporteringskrava.

Utbetalingsplan:

Dato	Beskriving	Beløp
202205	Utbetaling på grunnlag av innsendt rapport og bekrefta rekneskap.	300 000

Gi oss straks beskjed, dersom føresetnadane for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller med omsyn til framdrifta).

Viktig å vite

Ver merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotet er brukt i samsvar med føresetnadane. Ver også merksam på at vi heilt eller delvis kan krevje at du/de betaler tilbake tilskotet dersom midlane ikkje er brukte i tråd med føresetnadane, eller at føresetnadane fell bort.

Hugs å oppbevare rekneskapsvedlegg knytt til gjennomføringa av tiltaket i tråd med generelle reglar om oppbevaring av vedlegg i bokføringsloven.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend.

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Marlene Wæge Stubberud
saksbehandler

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

sfmrpost@statsforvalteren.no